



# Lygnanytt

Informasjon frå Hægebostad Kommune

## I dette nummeret:

Val 2019	2
Kulturpris 2019	4
Skulestart	6
Ordførarens hjørne	7
Møteplassen	10



# VAL


## HUSK

**DU KAN  
FORHÅNDSTEMME  
PÅ KOMMUNEHUSET  
FRÅ 12. AUGUST**

**Godt val**



## SKULESTART SJÅ SIDE 6



Neste nr. av Lygnanytt kjem ut måndag 2. september

Stoff til neste nr. må vera oss i hende innan sundag 25. august



## Utlegging av manntall

Manntallet for Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 er nå lagt ut til gjennomsyn hos kommunen.

Alle personer med stemmerett føres automatisk inn i manntallet i den kommunen de er bosatt pr. 30.juni. Hvis du har flyttet til en annen kommune etter 30. juni, er du fortsatt manntallsført og kan stemme i den kommunen du flyttet fra.

Alle har adgang til å kreve at feil rettes;

- Dersom navnet ditt er utelatt fra manntallet
- Dersom du finner feil ved egen registrering
- Dersom du mener å finne feil ved andres manntallsføring eller dersom det er andre feil i manntallslistene.

Krav om innføring eller oppretting må være skriftlig og begrunnet. Kravet sendes valgstyret i Hægebostad kommune. Du kan benytte epost: [postmottak@haegebostad.kommune.no](mailto:postmottak@haegebostad.kommune.no) eller post: Hægebostad kommune, Laukrokveien 4, 4595 Tingvatn.

Manntallet blir lagt ut til offentlig ettersyn på Kommunehuset og Eiken bu- og omsorgssenter til og med valgdagen 09.09.19.



## HÆGEBOSTAD KOMMUNE KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019

### **Førehåndrøysting:**

Du kan førehåndsrøyste på Kommunehuset, Birkeland, frå og med 12.08.19 til og med 06.09.19. Opningstid frå kl. 08:00 til kl. 15:00 frå måndag til fredag.

### **Ambulerande røystegjeving:**

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uføre ikkje kan avgje ordinær førehåndsrøyst, kan søkje valstyret om røysting der vedkommande oppheld seg. Søknadsfrist innan onsdag 04.09.19.

### **Institusjonsrøysting:**

Førehåndsrøysting blir tysdag 3. september på Eiken bu- og omsorgssenter frå 10:00 – 12:00 og Snartemo Aktivitetssenter ca. kl. 13:00 – 14:00.

**VIKTIG!** Dersom du har fått tilsendt valkort, må dette tas med når du skal førehåndsrøyste. Dersom ikkje røystemottakar kjenner deg, må du vise legitimasjon.

### **VALDAGANE:**

Det er mogeleg å røyste på ordinært valting både  
sundag 8. september frå kl. 14:00 til kl. 18:00 og  
måndag 9. september frå kl. 12:00 til kl. 19:00  
på Kollemo skole og Eiken skule.

Dersom du lurar på noko kan du vende deg til Servicekontoret:

Telefon: 38349100

Mail: [postmottak@haegebostad.kommune.no](mailto:postmottak@haegebostad.kommune.no)



## Kulturpris Hægebostad kommune

Formannskapet deler ut kulturprisen 2019 til ein person/organisasjon/ gruppe som på en særskild måte har utmerka seg innanfor ei frivillig kulturell verksemd, eller på anna måte utmerka seg med arbeid for kulturlivet i kommunen.

Den eller dei som får kulturprisen må bu i Hægebostad kommune, eller ha ei særskilt tilknytning til kommunen gjennom si verksemd.

Vi ber dykk sende inn forslag på kandidat som de meiner er aktuelle til å motta prisen. Det må grunngjevast kvifor kandidaten er verdig Kulturprisen 2019.

Forslaga vil bli behandla konfidensielt.

Vi håper det kjem inn mange gode forslag!

Send ditt forslag til;

Hægebostad kommune, Laukrokveien 4, 4595 Tingvatn  
Eller på e-post: [postmottak@haegebostad.kommune.no](mailto:postmottak@haegebostad.kommune.no)

**Innan 15. september 2019**



## MENY UKE 31

### **Mandag:**

*Ørrethaler  
Sjokolademousse*

### **Tirsdag:**

*Kompe  
Yoghurt*

### **Onsdag:**

*Lammefrikasse  
Sviskegrøt*

### **Torsdag:**

*Benløse fugler  
Vaniljepudding*

### **Fredag:**

*Fiskepudding  
Gele*

Kjøkkenet ved Eiken bu- og omsorgssenter serverer middag for kun kr. 100,- kl. 14:30 mandag til fredag. Ønsker du å spise hos oss, ring kjøkkenet på tlf. 383 49 212 for bestilling innen kl. 09:30 samme dag.

Menyen ligger på kommunens Facebook-side hver uke :)





## Skulestart 2019/2020 EIKEN SKULE OG KOLLEMO SKOLE

**Eiken skule startar torsdag  
15.08.19 - kl. 08.55 i  
fleirbrukshallen.**

Foreldra til elevane i 1. klasse blir oppfordra til å vera med på skulen ved skulestart.

Skuleskyss går som normalt.

Det blir SFO både før og etter skuletid.

**Kollemo skole startar torsdag  
15.08.19 - kl. 08.05 i  
fleirbrukshallen.**

Foreldra til elevane i 1. klasse blir oppfordra til å vera med på skulen ved skulestart.

Skuleskyss går som normalt.

Det blir SFO etter skuletid.

Første skoledag ved Byremo ungdomsskole er torsdag 15.08.19  
kl. 08:30.

## Ordføraren sitt hjørne

Tida går fort, og det nærmar seg slutten på inneverande kommunestyreperiode. Det er tid for oppsummering og tankar om framtida.

### Kommunereform

Dette var ei stor sak i starten av perioden. Mange alternativ blei utgreia, utan at ein kom fram til resultat som overtydde majoriteten av innbyggjarar og kommunestyrepolitikarar. Kommunen fortset som eigen kommune, eit resultat som samsvarer med folkeavstemminga i mars 2016. I ettertid har einingane i kommunen vist god evne til å omstille seg og halde fram med å gje gode tenester, sjølv med reduserte økonomiske rammer. Hægebostad kommune er ein organisasjon som står støtt på egne bein, og er nå i posisjon til å kunne vente og sjå om andre kommunesamanslåingar faktisk løysar dei utfordringane dei er tenkt å løyse.

### Økonomi

Administrasjonen og alle einingane har hatt sterkt fokus på effektiv økonomisk drift i inneverande periode. God økonomisk kontroll, saman med restriktiv økonomisk politikk, har gjort det mogleg å auke disposisjonsfonda til ønska nivå. Utbygging av barnehage, nytt renovasjonsanlegg, HDO-bustader og utbygging av Kollemo skole vil gjere at lånegjelda blir høgare enn fastsett økonomisk mål. Når desse prosjekta er ferdigstilte er det få kjende behov for nye investeringar, og det er anslege at gjelda vil reduserast i løpet av inneverande økonomiplanperiode, slik at kommunen igjen er innanfor fastsette økonomiske mål.

### Fridom til å velje

4-5 dagars skuleveke har vore til vurdering i perioden. Majoriteten av foreldra var tydelege på at dei verdset høgt valfridomen som 4-dagars skuleveke gjev. Fokuset har difor vore å gje eit godt alternativ til dei familiare som treng eit tilbod på onsdagar. Friluftsskule SFO starta opp hausten 2018 med 7 elevar, og skuleåret 2019/2020 er det 20 søkjarar til dette tilbodet. Det ser ut til at som det er eit tilbod som mange familiar tenker kan vere ei god løysing for borna sine på onsdagar. Det er gjort eit veldig bra arbeid av administrasjonen og andre tilsette for å etablere dette nye SFO-tilbodet i løpet av kort tid.

### Tingvatn fornminnepark og besøkssenter

Det har over tid i kommunestyret vore ulike syn på kor mykje midlar Hægebostad kommune skal legge i drifta av Tingparken. I 2016 fekk Vest-Agder museet ansvar for formidlinga ved Tingparken. Katja Regevik som er formidlingsansvarleg, har eit stort engasjement, er kunnskapsrik og har lagt ned mange arbeidstimar for Tingparken. I inneverande periode har vi fått på plass ein ny avtale mellom Vest-Agder fylkeskommune og Hægebostad kommune, der betalingsnøkkelen er endra frå 50:50 til 70:30. Vest-Agder museet vil også fortsette med å ha ansvaret for formidlinga framover. Det har vore mykje aktivitet knytt til Tingparken dei seinare åra, og området har etter kvart blitt ein godt kjent stad for mange i regionen.



## **Samarbeid med frivillige**

Omfanget av frivillige arbeidet i kommunen er imponerende. Mange personar legg ned mykje tid og arbeid, og alle bidreg til at Hægebostad blir ein betre plass å bu. Kulturtilbod, idrettsanlegg, idrettstilbod, besøksteneste, flyktningsvener, turløyper, Røde Kors sin innsats under tv-aksjonen 2016, innsatsen ved Sommertoget i 2017 og mykje, mykje meir er eksempel på dette. Det frivillige arbeidet er ei svært viktig ressurs som kommunen må vere med å legge til rette for og vidareutvikle samarbeidet med i tida framover.

## **Gang- og sykkelveg**

Etter mange år med arbeid frå innbyggjarar, tilsette og politikarar, kom endeleg gang- og sykkelveg frå Eiken feriestenter til Tveiten med på budsjettet til fylkeskommunen for 2018. Dersom alt går etter planen, vil gang- og sykkelvegen vere ferdigstilt hausten 2020. Mange ser fram til å få på plass denne, slik at vegstrekninga blir tryggare både for gåande, syklende og køyrande.

## **Kommunalt vann og avløp**

Kommunale gebyr har vore ei sak som har vore utfordrande for delar av innbyggjarane og næringslivet. Ei sak som har gjeve negativ omtale i mange media og som har kravd mange arbeidstimar av tilsette og politikarar. Avløpsgebyret er spesielt høgt, samanlikna med andre kommunar. Kommunestyret har derfor sett eit tak for avløpsgebyret. Dette for å gje abonnentane meir føreseielege avgifter framover. I den seinare tida har drikkevatt av dårleg kvalitet gjeve omfattande og tragiske konsekvensar i andre delar av landet. I Hægebostad er anlegga av god kvalitet, med svært liten risiko for forureining av drikkevatt eller utslepp frå avløpsanlegg.

## **Nokre andre viktige saker (ikkje utfyllande)**

På Rossevatn har det blitt ei løysing for oppgraving av delar av Rossevatnet. Fylkesmannen bidrog med midlar for å kunne gjere tiltak som betra situasjonen for brukarar av området.

Fleire område har fått fiber og betre mobildekning. Kommersiell utbygging går svært seint i kommunen. Her må ein fortsetja å jobbe framover for å finne løysingar for områda som står att. Kollemo stadion har blitt ferdigstilt og har blitt eit flott anlegg som blir mykje brukt både av skule, idrettslag og innbyggjarar.

På Hekkfjellet er avtale om mobilsendar på plass. Sendaren vil gi betre mobilsignal innover heiane, men monteringa har teke tid. Vi jobbar opp mot Telenor for å få sendaren endeleg på plass. Lygneparken er vidareutvikla. Her er det eit godt samarbeid mellom Eiken idrettslag, Sørlandets rehabiliteringssenter og Hægebostad kommune. Idrettslaget sette opp ei flott tretopphytte i 2018. Sanitæranlegg tilknytt aktivitetsområdet vil etter planen vere på plass i 2020.

Det er nå aktivitet i begge næringsområda i kommunen. Mange innbyggjarar med eigen næringsverksemd ynskjer å vere lokalisert i heimkommunen, og har stor vilje til å satse lokalt. Dette ser ein også innan landbruket, der det er mange som bygg nytt og satsar vidare. Det har blitt eit tettare samarbeid med Næringsforumet i perioden og det er skipa eit Landbruksforum. Foruma er viktige organ for å få innspel, drøfte spørsmål og løfte nærings saker politisk.

To snøscooterløyper er etablert i kommunen. Desse er etablert i samarbeid med grunneigarrepresentantar, og er til glede for mange innbyggjarar og besøkande i kommunen.



Kommunedelplan Tingvatn – Snartemo er vedteken. Handsaming av områder med fornminner har teke mykje tid i planarbeidet. Fornminner er ei utfordring for mange utviklingsprosjekt i kommunen. Det er viktig å fortsetje å jobbe for at staten skal ta eit større ansvar for områder med svært mange og nasjonalt viktige fornminner.

Hægebostad kommune har saman med Lyngdal kommune fått skjønnsmiddel til å gjennomføre flaumsonekartlegging av vassdraget. Denne kartlegginga vil gjere framtidige byggeprosessar i område med fare for flaum enklare.

Det er veldig bra at laksen har etablert seg nord for laksetrappa, men fisken vandrar ikkje opp Gysfossen og vidare oppover Lygna, slik ein tidlegare antok den ville gjere. Fylkesmannen er engasjert i saken. Det er nå konkludert med at Gysfossen er eit vandringshinder, og Miljødirektoratet har gitt økonomisk tilskot til tiltak i fossen. Fagråd for Lygnavassdraget er etablert, med Rune Eikeland som sekretær. Arbeid med Lygnavassdraget vil vere eit spanande arbeid framover. Framtidig høve til fiske av laks og sjøaure i kommunen, vil vere positivt både for innbyggjarar og besøkande.

Ungdomsråd har kome i gang våren 2019, med tre flotte ungdommar frå kommunen. Frå før har me råd for eldre og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Råda sine synspunkt og meiningar i politiske saker er viktige innspel til kommunestyret.

## Vegen vidare

Uansett kven som sit i ordførarrollen i neste periode blir det viktig å halde fram med å arbeide for at Hægebostad skal vere attraktiv kommune å bu i og å drive næring i. Folketalet har blitt redusert dei siste åra. Fødselstalet går ned og kommunen blir ikkje lenger spurt om å busette flyktningar. Hægebostad må ikkje berre vere ein attraktiv bukommune for dei som bur her, men også for andre som kan flytte hit.

Hægebostad er ein kommune med mange svært mange gode eigenskapar. Kommunen ligg sentralt i høve til arbeidsmarknad, har god plass til fleire, har innbyggjarar og næringsliv med vilje og evne til å skape aktivitet lokalt og gode samarbeidspartnarar i kommunar omkring oss. Hægebostad kommune er av kommunebarometeret for 2019 rangert som den 43. beste kommunen i landet, av totalt 422 kommunar. Dette er veldig bra. Hægebostad kommune blir også av andre kommunar brukt som eit eksempel på at det er mogleg å levere gode tenester til tross for stramme økonomiske rammer.

Hægebostad er ein kommune vi kan vere stolte av, ein kommune med mange spanande prosjekter framfor seg, og ein kommune eg svært gjerne er ordførar for i ein periode til.

Med ynskje om ein god haust og eit godt val!

Margrethe Handeland  
Ordførar



## Hægebostad Pensjonistlag Samlingar hausten 2019

Tysdag 10.september kl.16.00 på Eiken bo og omsorgssenter.

Odd R.Jørgensen skal halda foredreag om korleis vi på ein enkel, billig og klok måte kan halda oss friske og få ein god alderdom. Passer for 40 pluss og oppover.

Foredraget består av gode råd, morosame historiar og illustrasjonar. Han sel og ei bok: "GODT LIV - NI ENKLE GREP" som koster kr. 200,00. Festleg bok.

Utlodning av medbrakte gevinstar.

Tysdag 8. oktober kl. 11.00 på Snartemo aktivitetssenter.

Vi er med og markerer VERDENSDAGEN for PSYKISK HELSE.

Ikkje utlodning.

Tysdag 12.november kl. 16.00 på Huldra.

Leiar i Pesjoistforbundet Vest-Agder, Ivar Netland kjem på besøk.

Utlodning av medbrakte gevinstar.

Alle er velkomne på samlingane.

## BASAR




Kom på basar på Eiken bedehus,  
**fredag 16. august kl. 19.00.**

Sang av Nina Iren, andakt av Jorunn Vik,  
åresalg med flotte gevinster og vår fantastiske  
meny: vafler, lapper, is, sylt, kaffi og saft. Passer  
for alle i alle aldre! Pengene går til arbeidet som  
Jorunn og Hildebrand gjør i Senegal.

VELKOMMEN!

Mvh Unges Misjonsforening





# møteplassen

## FELLESTUR

Onsdag, 21 august 2019

**Røde Kors, Eldrerådet og Pensjonistlaget** arrangerer i år tur til SOGNDALSSTRAND, kulturhovedstaden i Rogaland.

Det blir blant anna omvisning i kyrkja, Titania gruver og i ein vindpark

Lunch på Sogndal kulturhotell  
Middag på tilbaketuren på Kafé Spor-to i Flekkefjord

Avgang frå  
Skeie kl 08:30  
Birkeland kl 08:45

Vi køyrer Bakken- Moi

Turen koster kr 300,- pr. person

Det blir utlodning av sponsa gevinstar



Påmelding før 12. august til:  
Ånen Urevatn, tlf. 916 39 575, eller  
Tobias Handeland, tlf. 976 12 700

# VATNE OG HOBBSLAND KVINNEFORENING for NMS

Har basar i Eiken bedehus fredag 30. august kl. 19:00.

Mange fine gevinster, god mat og håper på sosialt og gildt samvær!


Andakt ved Sverre Jakobsen som er misjonskonsulent her i området.

Alle er hjertelig velkommen til kvelden vår!

Kvinneforeningen.



## Gudstjenester i Eiken og Hægebostad august – sept. 2019



***4. august kl. 11: Gudsteneste i Eiken kyrkje. Geirulf Grødem. Takkoffer: Søndagsskolekretsen***

***11. august kl. 11: Gudstjeneste i Hægebostad kirke ved Geirulf Grødem. Takkoffer: Israelsmisjonen***

***18. august kl. 11: Gudsteneste i Eiken kyrkje. Dåp. Takkoffer: Mission Aviation Fellowship (MAF)***

***25. august kl. 12: Friluftsgudstjeneste i Tingparken ved Bernt Rune Sandrib. Felles for begge bygder. Nattverd. Ta med stol. Innendørs viss dårlig vær.***

***1. september kl. 11: Gudsteneste i Eiken kyrkje. Bernt Rune Sandrib. Søndagsklubb. Nattverd. Takkoffer: Eiken kyrkjelyd.***

***8. september kl. 11: Gudstjeneste i Hægebostad kirke. Bernt Rune Sandrib. Søndagsskole. Nattverd. Takkoffer: Homes of Hope.***

***15. september kl. 11: Gudsteneste i Eiken kyrkje. Konfirmantpresentasjon og jubileum. Søndagsklubb. Takkoffer: Konfirmantarbeidet. Kyrkjekaffe***

***Følg med på:***

[www.haegbostad.kirken.no](http://www.haegbostad.kirken.no)



***Kirka i Hægebostad og Eiken***

***Gudstjenester fra Eiken kyrkje kan nå følges live på:***  ***Eiken kirke***



## Møter høst 2019 - Birkeland

- 20.aug Bønnemøte 2030  
 21.aug Planleggingsmøte IMF har ansvar.  
 23.aug -- 25 august , tur Krik/Unges  
 25.aug Friluftgudstjeneste Tingparken kl.12.00  
 26.aug Vaskedag/dugnad Birkeland Bedehus  
 26.aug Lovsangsgruppe øvelse kl 20.00 – 21.30  
 30.aug Bedehusbasaren  
 30.aug Bønnemøte kl 06.00
- 03.sep Bønnemøte kl.20.30  
 04.sep Barneforening/Midt i Blinken kl.17.30-18.45  
 06.sep Snekkergjengen KRIK  
 08.sep Gudstjeneste kl 1100  
 09.sep Lovsangsgruppe øvelse kl 20.00 – 21.30  
 10.sep Babysang  
 11.sep Onsdagskveld IMF  
 12.sep Møte IMF  
 13.sep Bønnemøte kl.06.00  
 13.sep Bedehusbasaren Snartemo  
 13.sep Yngres  
 14.sep Møte IMF  
 15.sep Møte IMF / Supersøndag  
 17.sep Bønnemøte kl.20.30  
 18.sep Barneforening/Midt i Blinken kl.17.30-18.45  
 20.sep Snekkergjengen ----- FREDAGSSAMLING  
 21.sep Unges Misjon  
 22.sep Gudstjeneste  
 23.sep Lovsangsgruppe øvelse kl.20.00-21.30  
 24.sep Babysang  
 25.sep Onsdagskveld  
 27.sep Bønnemøte kl.06.00 - YNGRES – KRIK—
- 01.okt Bønnemøte 2030  
 04.okt Krik  
 06.okt Søndagsmøte IMF  
 07.okt Lovsangsgruppe øvelse kl.20.00-21.30  
 08.okt Babysang  
 09.okt Onsdagskveld IMF -Barneforening/Midt i Blinken  
 10.okt Møte IMF  
 11.okt Bønnemøte kl.06.00 ---- YNGRES  
 13.okt Familiegudstjeneste  
 15.okt Bønnemøte kl.20.30  
 18.okt Møte Unges Misjon SNEKKERGJENGEN KRIK  
 19.okt Møte Unges Misjon

## Møter høst 2019 - Birkeland

- 20.okt Møte Unges Misjon  
 21.okt Lovsangsgruppe øvelse kl 20.00 – 21.30  
 22.okt Babysang  
 23.okt Onsdagskveld - Barneforening/Midt i Blinken  
 25.okt Basar Normisjon --- YNGRES -- Bønnemøte kl.6  
 27.okt Søndagsmøte NLM  
 29.okt Bønnemøte kl.2030
- 03.nov Gudstjeneste 19.00  
 04.nov Lovsangsgruppe øvelse kl 20.00 – 21.30  
 05.nov Babysang  
 06.nov Onsdagskveld NLM---Barneforening/Midt i Blinken  
 07.nov Møteveke NLM  
 08.nov Møteveke NLM—Bønnemøte kl06.00 -- YNGRES Bowling  
 09.nov Møteveke NLM  
 10.nov Møteveke NLM Søndagsmøte  
 12.nov Bønnemøte kl.2030  
 15.nov Snekkergjengen --- KRIK  
 16.nov Unges Misjon  
 17.nov Gudstjeneste  
 18.nov Lovsangsgruppe øvelse kl 20.00 – 21.30  
 19.nov Babysang  
 20.nov Onsdagskveld  
 22.nov Yngres Kollemohallen ---- BØNNEMØTE kl.06.00  
 23.nov Julemesse  
 24.nov Gudstjeneste  
 26.nov Bønnemøte kl.2030  
 29.nov Juleverksted Yngres-Unges misjon-Krik
- 01.des Adventsmøte NLM  
 02.des Lovsangsgruppe øvelse kl 20.00 – 21.30  
 03.des Babysang  
 06.des Fredagssamling -KRIK Sørlandsbadet -Bønnemøte  
 07.des Juleavslutning med Unges Misjon  
 08.des Sundagsskule Birkeland kl 1100 – GUDSTJENESTE- KONSERT  
 10.des Bønnemøte kl.2030  
 13.des Krik skal på Curling  
 24.des Familiegudstjeneste kl 1600  
 25.des Høytidsgudstjeneste kl 1100  
 28.des Julefest søndagsskolen
- 04.jan Julefest Yngres, KRIK, Unges Misjon kl 1800 Kollemohallen  
 10.jan Møte IMF  
 11.jan Møte IMF

# Velkommen

til Eiken bedehus i august 2019

Onsdag 7. august. Onsdagsmøte kl. 20.00

Onsdag 14. august. Onsdagsmøte kl. 20.00

Onsdag 21. august. Møte kl. 19.30 ved Øyvind Benestad fra Stiftelsen MorFarBarn.

Onsdag 28. august. Finnmarksmøte kl. 19.30 ved Edvard Foss.  
Enkel utlodning.


**Alle hjertelig velkomne.**

Eiken Indremisjon





## Bekkevandring



**STØRST AV ALT**  
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKE

30. august inviterer Eiken og Hægebostad menigheter, som en del av trosopplæringen, til et vått, men flott friluftsopplegg for alle som skal begynne i 7. og 8. klasse til høsten.

Dette blir et fuktig arrangement og en annerledes turopplevelse - og blir kjempegøy! Like bra som Kode B og Lys Våken, bare at all moroa er samlet på en kveld!

### Vi møtes kl 18 på Vatne i Eiken.

Det blir delt inn i lag, vandring i og langs bekken bål, mat og andakt. Vi holder på til ca kl 21.

### Hva er bekkevandring?


Det er en lagkonkurrans, med ulike oppgaver på poster i bekken. Ved hver post er det en leder som instruerer og følger med. Turen er lagt opp med tanke på sikkerhet, så det er ikke farlig å være med. Etter at alle postene er unnagjort, klærne er skiftet og maten er spist, kåres vinnerlaget!

Det koster ikke noe å delta.

Mer info og påmelding på nettsiden vår [www.haegbostad.kirken.no](http://www.haegbostad.kirken.no) eller ved å kontakte kirkekontoret.

### Håper vi ser deg!

Hilsen Eiken og Hægebostad menigheter ved ledere Arne Eiken og Siv Tone Rossevatn, trosopplærer Hilde Senumstad Olsen og Janne Haddeland




Telefon til kirkekontoret: 38348708,  
Mail: [janne@haegbostad.kirken.no](mailto:janne@haegbostad.kirken.no)

**VELKOMMEN TIL «SØNDAG SAMMEN»  
EIKEN BEDEHUS 25/8 kl 17.**

*(tidligere «Nøklandsfesten»)*

- *Tale av Åge Solsvik*
- *Kveldsmat etter møtet*
  
- *Eiken NLM i samarbeid med Eiken Normisjon/NMS*



# BEDEHUSBASAREN! 😊

Fredag 30.august kl.17 blir det salg av komper og pølser på Birkeland bedehus før den årlige BEDEHUSBASAREN starter kl.18.

Alle er hjertelig velkomne!

Vi fortsetter tradisjonen med fiskedam for barna, og det blir en liten andakt av Steinar Hansen i løpet av kvelden.

Gevinster til basaren mottas fremdeles med takk! De kan leveres til Jimmy Birkeland, Marion Kvåle eller tas med til basaren.

Håper vi ses?! 😊

Mvh

Basarkomitéen